

Høyringsinstansar

Deres ref.:

Vår ref.:
18/04947-25

Dato:
19.10.22

Høyring Strategi Høgskulen på Vestlandet 2023-2030

Høyringsperiode: 18.oktober til 2.november.

Bakgrunn og innspel

Høgskulen på Vestlandet skal ha ny strategi frå 1.januar 2023. Forslag til strategi vert nå send på ei enkel høyring til nokre av dei store samarbeidspartnarane våre. Strategien bygger på både eksterne føringar, som UH-loven, Langtidsplan for forskning og høgare utdanning, sektormåla, tildelingsbrev med fleire og interne kunnskapsgrunnlag som grunnlagsdokument, notat frå ulike linjer i organisasjonen og innspelsmøter, både internt og eksternt.

Strategien skal gi organisasjonen ei tydeleg retning, og danne utgangspunkt for å utarbeide planar som konkretiserer korleis HVL skal realisere måla. Målgruppa for strategien er i hovudsak organisasjonen sjølv. Det er samtidig sentralt at våre samarbeidspartnarar og omgjevnadene ved å lese strategien skal forstå kven vi er og kva de kan forvente av oss.

Vi ber om innspel på eit konkret spørsmål, men de er også velkomne til å kommentere andre ting i forslaget.

Vi ber om at de svarer ved å gå inn på denne lenka <https://www.surveyxact.no/LinkCollector?key=QPv6JU4TLN1N>

Frist: 2.november 2022.

Dette ønsker vi innspel på:

Høgskulen på Vestlandet ønsker å bli, og å vere eit universitet med en profesjons- og arbeidslivsretta profil, som står i tett kontakt med samfunns- og arbeidsliv og har ei tydeleg regional rolle. Strategien skal ikkje vere for omfattande og detaljert, men likevel evne å vere eit styrande og tydeleg dokument som slår fast kor organisasjonen vil.

Vil HVL gjennom val av ambisjonar og mål slik dei er omtala i strategiutkastet vere ein kompetanseinstitusjon som støttar dykk i dykkar arbeid og utvikling? Om ikkje, kva manglar?

Helsing

Björg Kristin Selvik

Stabsleiar

Vedlegg: Utkast til verksemdsstrategi 2023-2030

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrivne signaturar.

Postadresse

Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon

+47 55585800

Internett

www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse

Høgskulen på
Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling

Stabseining for
styresekretariat
og
verksemdstyring

Saksbehandlar

Björg Kristin Selvik
Telefon: +47 55 58 75 56

Kopi til: Stabseining for styresekretariat og verksemdstyring v/Björg Kristin Selvik